



## Referat frå møte med klubbane i Kvinnherad ang. barnefotball

Dato/stad: Tysdag 04.mars 2014 på Triohuset.

Tema: Planlegging av sesongen 2014 for miniputtar 7-10 år i Kvinnherad.

Arrangør: Hordaland FK, ved Are Ulseth.

Til stades: Jamal Colin Soosainather (ungdomsleiar Trio), Anita Simensen (barnefotball Uskedal), Arvid Nes (ungdomsleiar Rosendal), Frank Christer Steffensen (Rosendal G10), Lene Lagaard Eide (Halsnøy), Ellen Aakre (Herøysund), Are Ulseth (Trio).

Ternen og Strand-Ulv hadde meldt frå at dei ikkje hadde høve til å stille, likeså sonekontakt Odda, Lars Einar Torsnes.

Are Ulseth (Trio) koordinerer miniputtffotballen i Kvinnherad sesongen 2014. Klubbane var invitert til møte på Triohuset for å planlegge sesongen for dei yngste.

### Sak 1: Fair Play og rammer vi er enige om

**Viktige momenter for sesongen: (NB! Orienter trenarar og lagleiarar grundig om dette!)**

Meld på i klasse som høver mhp sportsleg nivå. Vi ønskjer jamne kampar!

Viktig at dommarane får oppmuntrande tilbakemeldingar undervegs, fortrinnsvis skryt. Vi har alle ansvar for å ta tak i leiarar, foreldre eller andre som viser uheldig oppførsel overfor dommarane.

Rosendal har vore flinke mhp Fair Play og bruk av kampvert. Eit eksempel for oss andre!

Oppfordrar til å bruke **”kampvert”**: Ein vaksen som har følgjer opp god oppførsel og fair play. Dette både på seriekampar og på cupane. Prøv også å få til Fair Play-møte i forkant, der ein går gjennom føringane vi er samde om og anna Fair Play-moment.

**Pressfri sone:** Fokus på at keeper får kaste ut til upressa medspelar. Motstandar trekke laget tilbake på eigen halvdel! **Her SKAL vi kreve at trenarane held fokus på det, og også øver på det på trening!**

Unngå bruk av overårige (dei minste klubbane kan få sjeldne unnatak)

Mix-lag: Mix betyr her blanding av jenter og gutar og det må vera minst 2 jenter på laget før ein kan kalle det mix-lag.

Premie: I cupane er ein liten premie ok. NB! Ingen konkurranse om å ha flottaste premien!

### Sak 2: Påmeldte lag

Alle lag i mini-fotballen skal spele 5arfotball. Dette er pålegg frå kretsen. Vi gjev rom for at seriedagane i G10-klassen gjennomførast som 6arfotball. Vi gjekk gjennom påmeldingslistene og deltakinga i år ser ut til å bli om lag som i fjor (pr i dag 50 lag, stig normalt litt gjennom sesongen, når 2008-modellane kjem i gang).



Viktig at dei mindre klubbane ikkje gløymast ved utsending av invitasjonar (har skjedd før...).  
Legg ved kontaktliste her.

For årsklassane 6/7 år, 8 år og 9 år må det totalt reknast ca 45-50 deltakande lag på cupane vi skal arrangere (viss alle melder seg på). Ei grei, jamn fordeling frå klasse til klasse gjer at ein bør kunne finne jamnbyrdige motstandarar. Veldig positivt! ☺

Ein må melde seg på til kvar turnering. Klubbane bør sende påmelding **samla**, for å sikre mot feil. Meld på i klasse som høver mhp sportsleg nivå. Bør også informere arrangør om nivå på laget. Eigen klasse for 2008 («skulekameratar»), om mogleg. Helst jentelag mot kvarandre. Vi ønskjer jamne kampar!  
Komprimer kampoppsetta: Kort pause mellom kampane for kvart lag.

Anbefalt banestorleik i cupane er 32x16 meter. Kampar 2x10 minutt. Bruk 3arballar.

**Sak 3: Cup dagar for miniputt** - Invitasjon ut min 2 veker før, påmld-frist 1 veke før.

**Datoar for miniputtcupar (6/7-9 år):**

Laurdag 26.april:	Herøysund
Søndag 25.mai:	Trio (Kvednabekkjen)
Måndag 9.juni:	Rosendal (2.pinsedag)
-----	
Søndag 31.august:	Uskedal (Spar Heio Cup)
Søndag 21.september:	Halsnøy
Søndag 19.oktober:	Trio (Kvednabekkjen)

### **Sak 4: Seriedagar for G10-klassen (2004)**

Har hatt eit samarbeid med Odda-regionen for 10-årsklassen, der desse ikkje spelte cupar, men derimot "seriedagar". Alle laga i klassen samlast på same stad, 6-7 gonger i løpet av sesongen. Alle laga spelte 2 kampar kvar a 2x15 minutt. Med små unnatak vart dette gjort på kvardagar, arrangementet gjerast unna på 2,5 time.

Fordelar med ordninga:

- Betre sportslege utfordringar
- Kompakt arrangement
- Mindre køyring
- Tilvenning til ordinært seriespel, som kjem frå 11 års alder.
- Evt kaker og saft/kaffe til ungar og føresette, sosialt og triveleg.

Vi har 4-6 lag i G10 i år: Halsnøy (normalt med G09, men av og til G10), Rosendal (2, nokre gonger 3), Trio (1), Uskedal (1).

Vi laga eit oppsett for seriedagane, 3 på vår og 3 på haust. Det er fritt fram for å melde på til Odda sine dagar i tillegg (blir ettersendt). Odda vil også ha høve til å vera med på våre seriedagar.

Arrangøren får ansvar for å lage kampoppsett. Unngå at ein møter lag frå eigen klubb og same laga kvar gong. Hugs å sende ut invitasjon 2 veker før, påmeldingsfrist 1 veke før (oppsett lagast snarast etter dette). Ta gjerne kontakt med Are for hjelp.



Kampoppsett: 2 kampar til kvart lag, 3-4 kampøker totalt (ferdig på ca 2,5 time). 2-3 banar.  
Kampane skal vera på 2x15 minutt. I utgangspunktet 6 spelarar på banen, litt større bane enn mini.

### Oppsett av datoar for seriedag G10 (2004):

- Torsdag 10.april: Rosendal
- Måndag 12.mai: Trio (Kvednabekken)
- Måndag 02.juni: Uskedal
- Fredag 12.sept: Husnes (Kvednabekken)
- Fredag 26.sept: Rosendal
- Fredag 17.okt: Halsnøy (avklarast til hausten. Alternativt anna arrangør)
- Odda supplerer med sine datoar.
- Elles er det sjølvsagt fullt mogleg å avtale ekstra treningskampar utanom dette.

### Vedlegg: Kontaktperson barnefotball for klubbane i Kvinnherad

Halsnøy	Verner Fjelland	<a href="mailto:verner.fjelland@gmail.com">verner.fjelland@gmail.com</a>	Tlf: 92 65 41 34
Trio	Are Ulseth	<a href="mailto:areu@online.no">areu@online.no</a>	Tlf: 99 24 00 87
Herøysund	Ellen Aakre	<a href="mailto:ellen.aakre@gmail.com">ellen.aakre@gmail.com</a>	Tlf: 97 98 92 05
Uskedal	Anita Simensen	<a href="mailto:anitasimensen@hotmail.com">anitasimensen@hotmail.com</a>	Tlf: 47 63 35 95
Rosendal	Arvid Nes	<a href="mailto:arv-ne@online.no">arv-ne@online.no</a>	Tlf: 48 22 80 26
Ternen	Vegar Saghaug	<a href="mailto:vegar.saghaug@kvinnherad.kommune.no">vegar.saghaug@kvinnherad.kommune.no</a>	Tlf: 91 82 23 82
Strand-Ulv	Tone Tufta Gaugstad	<a href="mailto:tonetufta@hotmail.com">tonetufta@hotmail.com</a>	Tlf: 92 45 76 80
Strand-Ulv	Jan Egil Skarvatun	<a href="mailto:Jan.egil.skarvatun@knett.no">Jan.egil.skarvatun@knett.no</a>	Tlf: 95 86 32 95
Odda-regionen	Lars Einar Torsnes	<a href="mailto:larsesto@hotmail.com">larsesto@hotmail.com</a>	Tlf: 90 88 12 67

### Vedlegg: Kontaktperson G10 i Kvinnherad

Halsnøy (G09)	Lene Lagaard Eide	<a href="mailto:lene.lagaard.eide@kvinnherad.kommune.no">lene.lagaard.eide@kvinnherad.kommune.no</a>	Tlf: 90 83 98 57
Trio Husnes	Jamal Soosainather	<a href="mailto:jsoosainather75@gmail.com">jsoosainather75@gmail.com</a>	Tlf: 95 96 63 53
Uskedal	Anita Simensen	<a href="mailto:anitasimensen@hotmail.com">anitasimensen@hotmail.com</a>	Tlf: 47 63 35 95
Rosendal	Arvid Nes	<a href="mailto:arv-ne@online.no">arv-ne@online.no</a>	Tlf: 48 22 80 26
Rosendal	Frank Chr. Steffensen	<a href="mailto:frank.christer.steffensen@bergengroup.no">frank.christer.steffensen@bergengroup.no</a>	Tlf: 91 36 12 68
Odda	Lars Einar Torsnes	<a href="mailto:larsesto@hotmail.com">larsesto@hotmail.com</a>	Tlf: 90 88 12 67

(Lars Einar informerer lagleiarane for Odda sine G10-lag.)

### Vedlegg: Øvrige arrangement det er verdt å hugse

- Søn 30.mars: Trio Cup for 7-9 år (+J10) i Husneshallen
- 05.-06.april: Bendit Cup (Solid)
- 23.-25.juni: Fotballskular Trio (Husnes) og Rosendal
- 22.-24.august: Husnes Cup for 10-12-åringar
- 22.-24.august: Puttefestival (Stord)

Klubbdommarkurs: Trio vil halde dette i april, og naboklubbane får invitasjon.

Aktivitetsleiarkurs: Det er trong for dette no, Trio vil prøve å få til eitt, kanskje også eitt i Rosendal. Bli sjølvsagt råd for naboklubbane å delta.